

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Oslo, 11.9. 2017

P R E S S E M E L D I N G

Avduking av solur på Hundorp

Soluret frå Skjennungstua, den tidlegare lagshytta til Gudbrandslaget i Oslo, vart gjeve som gave frå Stiftinga G-Kultur til Gudbrandsdalsmusea i 2016. Soluret får nå permanent plass på Hundorp i samarbeid mellom grunneigar Rasmus Stauri, Pilegrimsenter Dale-Gudbrand, Gudbrandsdalsmusea og G-Kultur.

Soluret vart avduka under eit arrangement søndag 10. september, og det var varaordfører Jon Suleng i Sør-Fron kommune og styreleiar Knut Hovslien i G-Kultur som stod for den offisielle avdukinga. Arrangementet samla i alt ca 25 deltakarar.

:/: Vedlagt er bilde frå avduking.

Bildetekst:

Jon Suleng, varaordfører i Sør-Fron, og Knut Hovslien, styreleiar i Stiftinga G-Kultur, stod for den offisielle avdukinga av soluret frå Skjennungstua. (Foto: Semming Austin).

:/: Vedlagt er også ein nærmare presentasjon av soluret og historia bak dette.

Kontakt for meir informasjon:

| | |
|------------------------------|--|
| Knut Hovslien, styreleiar | knut.hovslien@online.no, 9719 5148 |
| Kjell Austin, sekretær | kaustin@online.no, 4150 9460 |
| Lars Ole Ørjaseter, kasserar | lars.ole.orjaseter@gmail.no, 9085 9406 |

Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo som vart nedlagt i 2013, og har som formål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det blir teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.